



23.06.2022

Invitasjon til regionalt innspelsmøte om Ny opptrappingsplan for psykisk helse

På vegner av Helse- og omsorgsdepartementet inviterer Statsforvaltaren i Vestland til regionalt innspelsmøte 6. september 2022

Stad: Scandic City, Bergen

Tid: kl.12.00 – 15.15

Regjeringa har starta arbeid med ein ny opptrappingsplan for psykisk helse. Planen skal omfatte heile psykisk helsefeltet og skal leggast fram i løpet av 2023. Representantar frå politisk leiing i Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) vil delta i møtet.

Dagsorden

12.00 - 12.30: Registrering, kaffi, rundstykke

12.30 - 12.40: Introduksjon til prosess v/politisk leiing i HOD

12:40 - 13:00: Tre korte innlegg frå Vestland

13:00 – 13.05: Kort introduksjon til gruppearbeid v/ Statsforvaltaren

13:05 - 14:50: Gruppearbeid

14:50 - 15:00: Veggen vidare v/politisk leiing i HOD

Målet er at fleire skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet, og at hjelpa skal bli meir tilgjengeleg for dei som treng det.

Planen vil ha særleg merksemd på breie, førebyggjande tiltak og styrking av lågterskeltilbod i kommunane. Hovudvekta i opptrappingsplanen vil ligge på kommunale tenester. Samtidig skal planen bidra til å sikre kapasitet i spesialisthelsetenesta, spesielt innan psykisk helsevern for barn og unge (<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/opptrappingsplan-psykisk-helse/id2907606/>)

Innspelsmøtet skal bidra til god forankring, engasjement og forståing for arbeidet, og sikre at relevante aktørar har blitt høyrte i prosessen. Det er ønskje om innspel frå relevante aktørar om utfordringar på feltet, om mål, tiltak, verkemiddel og gode eksempel innan hovudområda i planen, som er:

Styrke den psykiske folkehelsa og førebygge psykiske plager og lidningar

- Sentrale utfordringar
- Viktige element for å styrke den psykiske folkehelsa og førebygge psykiske lidningar

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no

Sikker melding: www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse: Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl

Org.nr. 974 760 665

- Gode eksempel og skildring av suksessfaktorar

Tilgjengelegheit og nærleik til psykisk helsehjelp av god kvalitet

- Sentrale utfordringar med tanke på å sikre tilgjengeleg og nær hjelp
- Viktige element for å styrke tilbodet
- Gode eksempel og skildring av suksessfaktorar

Tenestetilbodet til personar med langvarige og samansette behov

- Sentrale utfordringar
- Viktige element for å styrke tilbodet
- Gode eksempel og skildring av suksessfaktorar

PÅMELDING: sjå heimesida vår <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/>

Det er plass til 200 deltakarar, og det er ønskjeleg at mange med brukar- og/ eller pårørandeerfaring deltek. Dersom det vert fleire påmeldte enn det er plass, vil vi prioritere kven som kan få delta.

Påmeldingsfrist: 17.08.2022.

Ved spørsmål ta kontakt med seniorrådgjevar Astrid Tveit, telefon 57643173 fmsfatv@statsforvalteren.no eller seksjonsleiar Linda Svori, telefon 57643161 fmsflsv@statsforvalteren.no

Med helsing

Sjur Lehmann
avdelingsdirektør/ fylkeslege

Astrid Tveit
seniorrådgjevar